


TEMA: Den gløynde saga ①27, Landskapet ①9
KART: ①429

Hespriholmen

STEINALDERØYA

Bømlo må ha vore eit eldorado for handverkarar i steinalderen. På HESPRIHOLMEN fanst førsteklasse grønstein til øksar og tyngre eggreiskap. På toppen av Siggjo fanst rhyolitt, som var veileigna til knivar, pilespissar og andre småreiskap. Hoggeplassar og buplassar frå steinalderen ligg tettare på Bømlo enn nokon annan stad på Vestlandet. «Sogelandet» kalla arkeologen HAAKON SHETELIG Bømlo. «Hele landsdelen virker som en fortelling om fedrelandets historie.»



Rekonstruksjonsskisse av steinbryting på Hespriholmen for 6 000 år sidan.

HESPRIHOLMEN – NOREGS ELDESTA STEINBROT

Aret 1887 sende JOHAN LARSEN VESPESTAD inn ei grønstainsøks til Bergens Museum. I dei næraste åra kom det for dagen stadig nye funn av grønstainsøksar og emne, og den unge konservator Haakon Shetelig fekk si første store arkeologiske granskingsopp-gåve på Vestlandet. Etter mange års ut-gravingar i Sokkamyra oppdaga ein endeleg

steinbrotet på Hespriholmen i 1923, ein times rotur vest av Espevær. Her var det materialane til den omfattande grønstains-industrien viste seg å vera henta frå. Spor etter ein storstilt økseproduksjon fortel om ein lokal næringsveg i steinalderen, og spreingsområdet for grønstainsøksane frå Bømlo fortel kanskje om eit tidleg handels- og maktsentrum (①28). □

OM GRØNSTEINSØKSAR OG «TORDENGUDAR»

Gjennom meir enn 4000 år henta sunnhord-lendingar økseemne sine på Hespriholmen.

Namnet skal ha samband med det gamle dialektuttrykket «hesbreia» som tyder «torden». Hespriholmen er toreholmen.

I gammal nordisk folketru var det eit sam-band mellom steinøksar og torever. Slike øksar vart kalla «torekilar», og folk meinte dei fall ned frå himmelen når lynet slo ned.

Torekilarne hadde magisk kraft. Dei verna mot lynnedslag og lauseld, dei hindra mjølk

frå å surna, og dei gav vern mot troll og andre vonde vette.

Fleire tusen år etter at dei gjekk av bruk som øksar, har dei såleis fått ein ny funksjon og vorte hjelperåder mot ulukke og trolls-kap.

Det var reiskapsemne dei henta seg på Hespriholmen, veidefolka i eldre steinalder. Men dette må ha vore gløymt av dei som fleire tusen år seinare gav holmen det namnet vi kjenner. For dei trudde det var toreguden sine øksar. Og kanskje toreguden sin holme.

RHYOLITT FRÅ SIGGJO



Rhyolittsteinar frå Siggjo.

På toppen av SIGGJO kan du sjå merke etter fleire tusen år gammal steinbryting. Bergarten vert kalla rhyolitt. Den varianten som finst på Siggjo, er særmerkt og lett kjenneleg, med ein mørk grønleg botn-farge og lysare årer og spetter. Steinen vart broten frå fjellet med eld og vatn. I avfalls-dyngjene med rhyolittfliser som steinalderfolket let etter seg, har vi funne trekol som er radiologisk datert.

Rhyolitten frå Siggjo var i bruk frå kring 4000 til kring 2000 år f.Kr. Vi finn han att på steinalderbuplassane som avfall, eller som øydelagde eller att-gløynde reiskapar, gjerne pilespissar, skraparar og ymse skjerereiskap.

Det meste av Siggjo-rhyolitten vart bruka i Hordaland og Nord-Rogaland, men funn er kjende så langt nord som til Kristiansund, aust til Bjornesfjorden på Hardangervidda og sør til Lista og Lille-sand. Dette særmerkte råstoffet frå Bømlo, som var i bruk i nær 2000 år, gjev såleis verdfull kunnskap om sam-handel og samkvem mellom landsdelane i steinalderen.



Grønstainsøksar.